

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV DESEMBER 2005.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00  
Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset  
Visepres.: Hans Gisle Holstad  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserer: Oddvar Haugen  
Past pres.: Ingar Bigset  
Styremedlem: Aage Nytnun  
Styremedlem: Johan Ole Brandal  
Leiar ungdoms  
utveksling: John Stennes  
Ansv. Red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdager i desember:

Einar Arne Riise	27.12
Elias Sellevoll	15.12
Bjørn Teigene	19.12

100% frammøte des. 2005:

Sverre Bjåstad	Halkjell Dahle
Johan O Brandal	Karl Johan Brandal
Håkon Brekke	Håkon Eidsvik
Arne G. Grimstad	Johs. Hareide
Einar Holm	Hans G Holstad
Odd A Holstad	Otto Holstad
Jarle Klungsøyr	Nils Nupen
Trygve Riise	Aagot Riise
Arve Røyset	Sanyjanjan
John Stennes	Bjørn Teigene
Egil Utgård	

Frammøteprosent: 70,0

**Juleklokker over jorda  
ring no høgt frå tårn og tind,  
ring no ut dei sæle orda:  
Fred frå Gud i alle sinn!  
Klokker vidt om verda kime  
mildt til alle hjarto ned.  
I vår frelsars fødselstime,  
arme jord, ha jolefred.**

*Anders Hovden*

## ***Månadsbrev Hareid Rotaryklubb – desember 2005.***

*Referent Hans Gisle Holstad*

### **Møte 5. desember**

To lokale forfattarar hadde programmet denne dagen.

Innleiingsvis ynskte president Arve velkomne med nokre få påfølgjande orienteringar.

Øystein **Orten** fortalde først om boka si **VEGEN TIL NEVERLAND**.

Hovudpersonen i denne romanen har leita etter stoff om foreldra sine og deira ungdomstid.

Boka er eit tidsbilete og ei familiekronike, ei skildring av to norske tidsepokar, krigsåra og etterkrigstida fram til 1962, - det året forteljaren sjølv vart ungfanga.

Som skilje mellom dei to tidsbolkanane, fortel forteljaren tre kortare historier der han skildrar seg sjølv og si eiga interesse for undersøkinga. Dette gir også boka karakter av å vere eit sjølvutforskningsprosjekt.

Denne boka er ei frittståande oppfølging av tidlegare utgitt roman: **LIVINGSTONES RETRETT**(2003)

Den andre forfattaren var Magne **Grimstad** som saman med broren Inge **Grimstad** har gitt ut boka **MENNESKE VI MØTTE**.

Dette er ei "portrettbok" korte omtalar av lokale kvardagsmenneske i Ulstein og Hareid.

Stykka har tidlegare stått i Vikebladet eller Vestposten, men var no samla i bokform. Til slutt las Magne Grimstad frå boka om Gustav Adolf Olsen (frå Ulsteinvik) som vart ein nær venn av Magne Grimstad.

### **Møte 12. desember**

"Mellom bakkar og berg" var opningssong. Presidenten orienterte deretter frå nominasjonskomiteen (v/ Skudal) der det vart oppfordra om å kome med kandidatar

til ny distriktsguvernør frå 2008. Frist 15.12.05.

Det låg føre brev frå Frivilligsentralen med ynskje om at Rotary stilte med ein person i styret. Tilrådinga var at ein skulle svar høfleg nei takk.

Det låg føre skriv med forslag om at Arne Holstad burde få honorært medlemskap.

Nok ein lokal forfattar hadde programmet denne kvelden: Johan **Ottesen** frå Ulsteinvik som i 2005 har gitt ut boka "FRÅ DAMP TIL MOTOR".

Han har tidlegare gjeve ut tre bøker om ishavsskuter og to om fiskedampskip. I årets bok har han teke føre seg fiskebåtar bygde før 1940,-både damp og motorskip. Han starta med å presentere den første dampbåten på Sunnmøre; "Activ", - og vidare fleire andre i tur og orden. Til slutt var det fleire spørsmål som vart stilte, - til ein lokalhistorikar som kunne stoffet og hadde gode svar.

Viser til vedlagde omtala av boka og båtane som Ottesen kom inn på i foredraget.

### **Møte 19. desember**

Dette var avslutningsmøtet føre jul.

Kameratskapskomiteen og

Vennskapskomiteen hadde pynta lokale og gjort dei innbydande.

Julestemninga fylte romet og vart forsterke då "Det lyser i stille grender" var sunge.

Etter velkomsthelsinga frå presidenten, fekk kateket Stein **Karstensen** ordet, - og gjennom ord og bilde frå boka om funksjonshemma Erlend understreka han kor viktig det var å **legge til rette** for alle menneske både i skule og kyrkje. Han understreka at å **legge til rette** var noko anna og for han noko langt viktigare og betre enn å integrere som somme sa. Han las dessutan frå boka og delte ho ut for vidare studie på kvart bord.

Han avslutta med at han vona alle ville få ei god julehøgtid og at vi var viljuge til å **legge til rette** for den **rette og gode** jula. Etter hans innlegg song vi "Deilig er jorden"

Før maten blei servert, orienterte Johs **Hareide** om rotarystien og fortalde at **Yri** skulle gjere den ferdig i løpet av vinteren, - om veret høvde (trauing, legge duk og kanskje grusing).

Til våren måtte vi alle avsette to –tre kveldar til dugnad med vidare krtatthogst.

**Og sjølvsagt var det ei lang og god matøkt med mør og lutfisk, og med god prat rundt borda.**

Presidenten ynskte alle god jul, til slutt. Det vart ikkje møte mellom jul og nyttår. Neste møte ville bli **2. januar 2006.**